



Fem av ungdommane er klar for treningsøkt saman med trenar Pål Haugland.

Fredag reiser 6 av dei flinke skiungdommane i bygda austover. Den komande veka skal dei tilbringa i flotte omgjevingar på Dalseter Høyfjellshotell, 930 moh, med panoramautsikt mot Jotunheimen. Der føregår nemleg Norges Skiforbund sin svært så populære sommar-skiskule. Her vil dei få instruksjon av topptrenarar, og det vert garantert ei opplevingsrik veke!!

Torsdag kveld var 5 av dei 6 skiløparane samla til ei siste treningsøkt på rulleski før avreise. Dei 6 som reiser er Ingebjørg Haugland, Kari Bråtun, Solveig Haugland, Tord Sæle, Johannes Haugland og Veslemøy Haugland. Dei er i aldersgruppa 13 - 17 år, og på samlinga møter dei skitalent i same aldersgruppa frå heile landet.

- Vi er veldig heldige som fekk plass, kan dei fem fortelje. - Påmeldinga var i januar på nettet, og berre ein halv time etter at påmeldinga starta, var det fullt!

Eg skjønar godt at det er populært når eg får høyre litt om opplegget. Topp kvalitet er det tydelege stikkordet for det som skal føregå på heile samlinga. Her skal deltakarane få instruksjon av dei beste trenarkreftene vi har i landet; både ulike landslagstrenarar og eliteløparar er engasjert av arrangøren Norges Skiforbund. Ansvarleg for det sportslege opplegget er ingen ringare enn Sindre Bergan. Han skulle vera velkjent. Som trenar for fleire landslag, har han vore ansvarleg for eit betydeleg antal medaljar i internasjonale meisterskap dei seinare åra.

- Vi gleder oss veldig. Vi reiser både for å treffe andre, og for å henta nye treningsimpulsar og inspirasjon, fortel dei to eldste, Kari og Ingebjørg, medan dei understrekar at dei er kjempefornøgd med den oppfølging dei får av trenar Pål Haugland og andre her heime.

Pål kvitterer med at det er veldig kjekt å trene så positive og viljesterke ungdommar. - Det gjev resultat, og etter kvart er dei komne opp på eit så godt nivå at det er både viktig og nødvendig at dei reiser ut og deltar på slike samlingar.

Det sportslege opplegget er altså topp. Det same er ramma rundt! På Dalseter Høyfjellshotell er dei sikra den beste forpleining, og naturen rundt byr på framifrå treningsforhold.

Av: Thor Inge Døssland



- Løparane er svært ivrige, og mottakelege for instruksjonar. Men det er viktig at dei kjem seg ut og hentar impulsar og inspirasjon, seier trenar Pål Haugland.